Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5: Vassbæring.  Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.  Herad: Kviteseid

Emne:  Bygdelag:

Oppskr. av: Jørgen Heggtveit  Gard: Heggtveit

(adresse): Moås,  G.nr. 103  Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter røynslor av det eg hev høyrt og set sjølv.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1.

SVAR

1.
Det å bera heim vatn med ei stong yver oksli og tvo byttor hev vore bruka langt atende i tidi. Det å bera vatn på denne måte var bruka på alle gardar. Dei kalla det for „kjässtre" eller „bereåk". Det var ein uthola stokk for halsen og so vio-kenkar med tre hell jönnkrokar til å hengja byttorne i. Det å bera vatn på denne måte gjekk av bruk i kring 1860-80 åri. Det var trebyttor som dei bruka på den tid.

2. Ein hev å bruka lagga tresåar til å bera vatn i. Det kallas „vassså". Den var og bruka i båsarne av kröteri til å ha høysor i. („Bløyte nakkels", segjer dei.) Dei tok frå 8-10 byttor. Når ein ha ut uyp vatnet lagde ein yver eit trelok for at det ikkje skulde skvankle (skvette) over.

3. Dei bruka eit ski av tre og, ca 1 m. langt som dei sette såen på. Det kalla dei „skreieski". Det var skredd vatn til fjøs og stoga på

1369

2) dette. Skreieskie var gjort av ein tykkstokk ca 3 tommar, skanta til som eit ski med eit hakk på mitten til å settja såen i.

Dei skiftes om både unge og eldre med å skreie vatn på garen.

5. Det ~~x~~ er avlagt for det meste desse måtarne å bera og skreie på no. Men ein og anor kann vel bruka dei då mest på avsides gardar.

6. Seinare heve dei kjørt vatne på sledar med ei fonne uppå. Det er bruka dei vetror då vatnet frys bort.

7. Men no [er] det på dei fleste stader lagt vatn inn, og det er berre når brönnan tryt, hell vatnet frys, at dei må til å bera hell kjøyre.

1369
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Reiskapi til vassbering.




1369
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING